



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
137/18	Kommunestyret	18.12.2018
186/18	Formannskapet	28.11.2018

Godkjenning av Handlingsdel med økonomiplan 2019-2022 og årsbudsjett 2019

Bakgrunn for saka:

Kommunen skal etter lova utarbeide årsbudsjett og økonomiplan som strekkjer seg over minst dei 4 komande åra. Første året i økonomiplanen er budsjettet for det komande året, og det er berre vedtaket om dette året som er ein bindande plan for kommunen sin drift, jfr. kommunelova §46, 1.

Formkrava til budsjett og økonomiplan er gjevne i forskriftene til lova, og desse er lagde til grunn for Budsjett/økonomiplan for Stryn kommune 2019-2022. Rådmannen legg opp til at budsjett og økonomiplan blir politisk vedteke på sektornivå og med årlege spesifiserte og kostnadsrekna tiltak.

Budsjett og økonomiplan skal leggjast fram og vedtakast i økonomisk balanse for kvart år som planen omfattar. Vidare skal både inntekter og utgifter i perioden byggje på realistiske forventningar, og økonomiplanen skal medverke til at kommunen sine tilgjengelege ressursar blir nytta på ein best mogleg måte.

Budsjettet er ein bindande plan for kommunen sin tilgang på og bruk av midlar for det komande året. Økonomiplanen skal først og fremst synleggjere framtidige satsingar, prioriteringar og konsekvensane minst 4 år framover.

Vi har også i år delt arbeidet med budsjett og økonomiplan i ei administrativ- og ei politisk handsaming. I praksis tyder dette at rådmannen førebur og presenterer sitt budsjettframlegg og gjev innstilling til formannskapet. Før budsjettforslaget blir handsama i formannskapet er det også sendt til sektorutvala og rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne. Desse utvala har då høve til å gje uttale/innspel til formannskapet si handsaming av budsjett/økonomiplan.

Formannskapet handsamar så saka og vedtek sitt framlegg til budsjett og økonomiplan. Dette blir lagt fram for kommunestyret. Denne innstillinga skal etter lova ligge til allment gjennomsyn i 2 veker før kommunestyret slutthandsamar saka. Den innleiande budsjettprosessen har i store trekk følgt same mønster som tidlegare år, jfr. vedlagde budsjetttrundskriv nr 1 frå juni -18 (vedlegg).

Formannskapet har blitt orientert undervegs i prosessen og fekk orientering om s.k. konsekvensjustert budsjett både før og etter at regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2019 var kjent. I tillegg har også kommunestyret og sektorutvala blitt orientert om arbeidet og

rådmannen sine prioriteringar undervegs i arbeidet.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Kommunelova med føresegner

Plan- og bygningslova (handlingsprogrammet)

Ikkje vedlagt sakstilfang:

- Kommuneøkonomiproposisjonen frå mai 18.
- Framlegget til statsbudsjett frå oktober 18
- «Grønt hefte» vedlegg til statsbudsjettet
- Detaljert drifts- og investeringsbudsjett

Vedlegg i saka:

Handlingsdel med økonomiplan 2019-2022	1399379
Skjema 1A - Formannskapet sitt framlegg (2)	1399764
Skjema 1B sektor - Formannskapet sitt framlegg	1399762
Tiltak ØPL 2019-2022 - Formannskapet sitt framlegg	1399382
Kommentarar til vedtak i økonomiplanen 2019-2022 - rådmannen sitt framlegg	1397940
Skule og kulturutvalet si handsaming av 05818 i møte 27 nov 2018 Godkjenning av Handlingsdel med økonomiplan 2019-2022 og årsbudsjett 2019	1399005
Økonomiske oversikter - Formannskapet sitt framlegg	1399763

Saksopplysningar:

Rådmannen sitt framlegg til Budsjett 2019 og økonomiplan 2020-2022 er forklart i vedlegga til saka.

Budsjettarbeidet har også i år vore krevjande og som ein ser er der endringar frå tidlegare økonomiplan. Desse endringane kjem i hovudsak av to grunnar:

- Behovet for kommunale tenester endrar seg når befolkninga endrar seg.
- Finansieringa av kommunen endrar seg når befolkninga endrar seg.

I samband med handsaminga av budsjett/økonomiplan for 2018-2021 vart det avdekka at kommunen hadde klare utfordringar i åra som kjem. I 2018 har det vore arbeid for å møte desse utfordringane. I årets framlegg til økonomiplan er det difor prioritert tiltak som samsvarar med dei behova vi ser vil kome i framtida. Dette fører til at andre tiltak er tekne ut av planane.

Rådmannen har i årets budsjett arbeidd etter to spor:

- Det eine er å tilpasse drifta og tenestene til dei behova som vi ser i kommunen. Dette inneber både effektivisering og omorganisering av eksisterande tenester, samt å tilpasse tilbodet av tenester til befolkning og næringsliv.
- Det andre sporet har vore knytt til finansdelen av budsjettet. Der har vi leita etter måtar å skaffe oss handlingsrom på utan at dette går utover tenesteproduksjonen.

Begge desse spora har vore med på å gjere det mogleg å legge fram eit budsjett i balanse utan bruk av disposisjonsfond eller å foreslå auke i eigedomsskatten.

Budsjettet er oppsummert i skjema 1A og 1B under. Skjema 1A syner kor mykje vi har tilgjengeleg for å drifte kommunen og å gjennomføre investeringar, medan skjema 1B syner fordelinga av midlar til dei einskilde sektorane i økonomiplanperioden. Detaljar knytt til vidareførte og nye tiltak er vedlagt saka.

Stryn kommune har dei siste åra gjennomført fleire store investeringar. I denne økonomiplane ligg det inne om lag 150 mill i investeringar i planperioden. Desse investereringane er synte i eigne vedlegg til saka. Det er også eit vedlegg som syner tiltak som tidlegare har vore inne i økonomiplanen men som no er tekne ut.

Eit usikkerheitsområde er overføringar knytt til mottak av flyktningar i åra som kjem. Rådmannen har lagt inn ei nedtrapping i desse midlane i økonomiplanperioden. Dette syner att både i rammene til sektorane samt i behovet for investeringar t.d. i lokale for vaksenopplæringa. Rådmannen vil følgje utviklinga tett og evt. iverksette tiltak for å tilpasse drifta raskare om inntektene fell bort raskare enn føresett.

Budsjettskjema 1A - drift		Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Skatt på inntekt og formue		186 230 840	185 517 000	201 292 000	201 292 000	201 292 000	201 292 000
Ordinært rammetilskudd		242 139 292	241 164 000	235 632 000	236 018 000	235 900 000	235 920 000
Skatt på eiendom		11 255 757	16 900 000	17 647 000	17 647 000	17 647 000	17 647 000
Andre direkte eller indirekte skatter		31 783	32 000	33 000	33 000	33 000	33 000
Andre generelle statstilskudd		31 554 568	28 785 900	23 000 000	22 500 000	21 500 000	21 500 000
Sum frie disponible inntekter		471 212 240	472 398 900	477 704 000	477 490 000	476 372 000	476 392 000
Renteinntekter og utbytte		6 549 540	8 929 600	7 154 900	7 139 500	7 173 100	7 138 200
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)		287 975	768 800	786 000	786 000	786 000	786 000
Renteutg., provisjoner og andre fin.utg.		9 943 125	8 169 300	11 153 100	10 971 600	10 569 400	10 207 800
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)		0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån		26 390 422	29 995 900	22 500 000	22 500 000	22 500 000	22 500 000
Netto finansinnt./utg.		-29 496 031	-28 466 800	-25 641 200	-25 404 100	-24 970 400	-24 645 800
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk		0	0	0	0	0	0
Til ubundne avsetninger		34 902 275	933 300	13 467 000	13 467 000	13 467 000	13 467 000
Til bundne avsetninger		4 303 017	4 260 900	1 114 100	3 726 900	1 614 100	3 726 900
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk		17 401 083	0	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetninger		24 562 603	5 342 300	13 524 700	13 524 700	13 052 700	13 052 700
Bruk av bundne avsetninger		4 324 098	2 037 300	3 210 600	858 900	2 860 600	858 900
Netto avsetninger		7 082 493	2 185 400	2 154 200	-2 810 300	832 200	-3 282 300
Overført til investeringsbudsjettet		2 225 893	2 044 900	2 093 000	2 093 000	2 093 000	2 093 000
Til fordeling drift		446 572 808	444 072 600	452 124 000	447 182 600	450 140 800	446 370 900
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)		434 674 237	444 072 600	447 648 900	442 148 100	445 812 600	441 394 100
Mer/mindreforbruk		11 898 571	0	4 304 100	4 892 500	4 188 300	4 839 000
Driftsverkand av videreføring av tiltak frå ØPL 2018-2021, med verkand frå 2019				-744 100	-1 356 650	-1 985 300	-2 226 100
Driftsverkand av nye tiltak ØPL 2019-2022				-3 098 300	-1 025 200	-872 400	-2 092 600
Avsetning til (+)/frå(-) disposisjonsfond				461 700	2 510 650	1 330 600	520 300
SUM				0	0	0	0

Fordelinga til sektorane:

Skjema 1B		Regnskap	Budsjett				
		2017	2018	2019	2020	2021	2022
Sektor 1	Styring og sentraladministrasjon	65 927 106	79 568 900	77 020 600	76 651 600	76 451 600	76 147 600
Sektor 2	Skule og Kultur	165 310 464	168 121 700	171 688 100	171 338 100	171 338 100	171 338 100
Sektor 3	Helse og Sosial	179 904 921	187 262 400	188 814 500	188 814 500	188 814 500	188 814 500
Sektor 4	Teknisk	21 513 030	17 206 900	19 625 700	14 843 900	18 708 400	14 593 900
Sektor 8	Skatt og ramme	2 016 685	-9 900 000	-9 500 000	-9 500 000	-9 500 000	-9 500 000
		434 672 206	442 259 900	447 648 900	442 148 100	445 812 600	441 394 100

Vurdering:

Budsjett og økonomiplan er «framtidssdokument» som mest mogleg presist skal gi rammene for kommunen sin drift i åra framover. Det er difor viktig at vurderingane kring ressursbruken er tufta på eit best mogleg fundament sjølv om utføresette og ukjende tilhøve kan endre dette framover. Rådmannen si vurdering er at dei føresetnadane som her er lagde til grunn er påreknelege og såleis fullt forsvarlege å bygge på. Vi har no eit visst handlingsrom, men naudsynte investeringar i økonomiplanperioden pressar dette i åra som kjem. Rådmannen legg opp til å halde fram arbeidet med å omstille den kommunale tenesteproduksjonen i åra som kjem. Dette er naudsynt for å kunne tilby gode tenester på rett nivå i framtida.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Framlegget til budsjett/økonomiplan med vedlagte tiltak for perioden 2019-2022 blir godkjent
2. Høgste tillatne skatteøre for inntekt og formue skal leggst til grunn.
3. Margin for skatt for inntektsåret 2019 og framover skal vere 11,55%
4. Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån og godskjenne lånevilkår for 2019 i samsvar med vedtlagde finansieringsoversikt til følgjande formål:
Lån til egne formål kr. 28.655.300
Lån til forretningsformål kr. 7.550.000
Lån til formidlingsformål kr. 4.000.000

Formannskapet 28.11.2018:

Handsaming:

Finansutvalet var innkalla i saka. Klemet Bø (Krf) og Anders Magne Vik (Frp) var innkalla for å delta i drøftingane. Anders Magne Vik møtte ikkje.

Det er berre formannskapet som røystar over framlegga. 7 røysteføre.

Handsaming:

Handsaming av nye tiltak i rådmannen sitt framlegg:

Oppvekstsenter Vikane. Framlegg frå V og Ap

1. Barnehage for Vikane vert flytta til Innvik frå start barnehageåret 2019
2. Tiltaket vert finansiert med innsparte midlar frå drifta av Utvik barnehage
3. Tiltak «Oppvekstsenter Vikane». Frå Utvik barnehage til Vikane skule, NOK 1,0 mill vert flytta frå 2020 til 2019.
4. Ein må sjå skulebygg og barnehagebygg i Innvik i ein samanheng. Dette for å skape eit framtidsretta barnehagetilbod i Vikane.

Det vart røysta over framlegget. Framlegget fekk 2 røyster(V og Ap). Framlegget fall.

Rand skule og barnehage vert ikkje flytta frå Rand til Nordsida – felles framlegg frå alle parti.

Driftkostnader:

2019	2020	2021	2022
825 000	1 650 000	1 650 000	1 650 000

Samrøystes vedteke.

Framlegg frå Aud Løvlid (H) *Stilling som ruskonsulent 0,5 årsverk vert vidareført også i 2021 og 2022*
Driftskostnad

2021	2022
300 000	300 000

Samrøystes vedteke.

Reasfaltering i 2022 , Investering 1 mill rådmannen sitt framlegg.

Nytt framlegg frå H, V, Sp: *Reasfaltering i 2022 kr 0,5 mill.*

Det vart røysta over framlegga. Rådmannen sitt framlegg fekk 1 røyst (Ap) og fall.

Fellesframlegget fekk 6 røyster.

Utbetring av grusvegar 2022 , investering 1 mill rådmannen sitt framlegg.

Nytt framlegg frå H, V, Sp: *Reasfaltering i 2022 kr 0,5 mill.*

Det vart røysta over framlegga. Rådmannen sitt framlegg fekk 1 røyst (Ap) og fall.

Fellesframlegget fekk 6 røyster.

Regulering av bustadfelt i Tonningskamben – felles framlegg frå alle parti. Formannskapet vil løyve midlar til regulering av Toningskamben i 2019. Investering kr 500 000. Samrøystes vedteke.

Driftskostnad

2019	2020	2021	2022
11 500	23 000	23 000	23 000

Innløysing av Tonningskamben: Formannskapet vedtok denne samrøysts formuleringa til tiltaket.

Innløysing av Tonningskamben skjer når reguleringsplanen er vedteken. Samrøystes vedteke.

Ny brannstasjon i sentrum, felles framlegg frå alle parti.

Investering – kr 500 000 i 2019, kr 15 000 000 i 2020. Samrøystes vedteke.

Bil til branninspektør kr 600 000. *Dette tiltaket vert teke ut av investeringsbudjettet.*

Felles framlegg frå alle parti. Samrøystes vedteke.

Tiltak som er vidareført i 2019 – 2021 i rådmannen sitt framlegg

Reasfaltering 2019, 2020,2021 investering 1 mill årleg, rådmannen sitt framlegg.

Nytt framlegg frå H, V, Sp: *Reasfaltering i 2019,2020,2021 kr 0,5 mill pr år.*

Det vart røysta over framlegga. Rådmannen sitt framlegg fekk 1 røyst (Ap) og fall.

Fellesframlegget fekk 6 røyster.

Grusvegar årleg utbetring 2019, 2020,2021 investering 1 mill årleg, rådmannen sitt framlegg.

Nytt framlegg frå H, V, Sp: *Grusvegar årleg utbetring i 2019,2020,2021 kr 0,5 mill pr år.*

Det vart røysta over framlegga. Rådmannen sitt framlegg fekk 1 røyst (Ap) og fall.

Fellesframlegget fekk 6 røyster.

Geilevegen. Investering kr 7 500 000 i 2020. 100% sjølvkost. Samrøystes vedteke.

Handsaming av tiltak som ikkje er prioritert i rådmannen sitt framlegg:

Barnehage i Loen.

Formannskapet vil ha dette tiltaket prioritert i 2021. Investering kr 5 100 000 mill. Samrøystes vedteke

Forskottering av gangveg Loen – Solvik, investering kr 25 575 000 skal innarbeidast i budsjettet for 2020. Samrøystes vedteke.

Bygging av veg med fortau Solvik – Leite, investering kr 30 690 000. Skal innarbeidast i budsjettet for 2021. Samrøystes vedteke.

Desse to prosjekta må sjåast på i lag slik at ein kan legge til rette for god og effektiv prosjektgjennomføring.

Gode vegar. Formannskapet løyver kr 200 000 i 2019. Samrøystes vedteke.

Bygdebok: Formannskapet gir bygdebokkomiteen eit rentefritt lån på kr 2 500 000 i 2019. Saman med låneavtalen skal det også lagast avtale om tilbakebetaling av lånet. Samrøystes vedteke.

Gymsalen på Olden skule.

Investering:

2019	2020
500 000	1 000 000

Formannskapet ber om sak til kommunestyremøtet 18/12-18 ein treng ein betre oversikt over dette tiltaket. I saka vil ein har oversikt over kva som er nødvendig å gjennomføre, kostnad for tiltaka og ein tidsplan med rekkefølge for når dei ulike delane i prosjektet skal utførast for å få ei god og praktisk gjennomføring. Samrøystes vedteke.

Tilskot til dyrlegane vert oppretthalde. Felles framlegg frå alle parti

Driftskostnad:

2019	2020	2021	2022
300 000	300 000	300 000	300 000

Samrøystes vedteke.

Framlegg frå Aud Løvlid (H) Stilling som ruskonsulent 0,5 årsverk vert vidareført også i 2021 og 2022

Driftskostnad

2021	2022
300 000	300 000

Reparasjon av tak Innvik kyrkje.

Det er sett av kr 1,2 mill til dette tiltaket i 2019. Formannskapet ber om at desse postane blir gjennomført innan innanfor løyvinga til Kyrkjeleg fellesråd:

75 000 til universell utforming av inngangsparti Utvik kyrkje.

50 000 til minnelund i Oppstryn kyrkje

Innsparing

2019-2022 reasfaltering og årleg utbetring av grusvegar kr -4 000 000

Ny brannstasjon i sentrum – kr 6 000 000 (1 00 000 i 2019 og 5 000 000 i 2020)

Bil til brannispektør – kr 600 000 i 2019

Innløysing av Tonningskamben teke ut i 2019 kr 9 000 000. Innløysing av Tonningskamben skjer når reguleringsplanen er vedteken.

Rådmannen får i oppdrag å korrigere budsjett/økonomiplan i tråd med konsekvensane av vedtaket før endeleg handsaming av saka i kommunestyret 18.12

Om naudsynt bruke disposisjonsfond for å balansere budsjett/økonomiplan.

Tillegg frå Kristeleg Folkeparti: Singerheimen er eit viktig kulturminne. Dette bør kome til uttrykk gjennom vidare engasjement og økonomisk støtte frå Stryn kommune.

Samrøytes vedteke.

FO- 186/18 Vedtak:

Tiltak 62160 Rand skule og barnehage vert ikkje flytta frå Rand til Nordsida.

Tiltak 76082 Stilling som ruskonsulent 0,5 årsverk vert vidareført også i 2021 og 2022. Kr 300 000 årleg.

Resfaltering 2019 (tiltak 46182) , 2020 (tiltak 46187), 2021 (tilak 46204) kr 500 000 årleg.

Grusvegar årleg utbetring 2019 (tiltak 46219), 2020 (tiltak 46207), 2021 (tiltak 46208) kr 500 000 årleg.

Utbetring av grusvegar tiltak 46214 i 2022 , kr 500 000

Reasfaltering tiltak 46213 i 2022 kr 500 000

Tiltak 43035 Regulering av Toningskamben i 2019 kr 500 000

Tiltak 43038 Innløysing av Tonningskamben skjer når reguleringsplanen er vedteken

Tiltak 46083 Geilevegen. Investering kr 7 500 000 i 2020. 100% sjølvkost. Samrøystes vedteke.

Tiltak 48025 Ny brannstasjon i sentrum, felles framlegg frå alle parti kr 500 000 i 2019 , kr 15 000 000 i 2020.

Tiltak 22101 Barnehage i Loen i 2021 . Investering kr 5 100 000.

Tiltak 46210 Forskotering av gangvegen Loen – Solvik, investering 25 575 000 skal innarbeidast i budsjettet for 2020.

Tiltak 46209 Bygging av veg med fortau Solvik – Leite, investering 30 690 000. Skal innarbeidast i budsjettet for 2021.

Dei to prosjekta må sjåast på i lag slik at ein kan legge til rette for god og effektiv prosjektgjennomføring.

Tiltak 55020 Gode vegar Stryn kommune løyver kr 200 000 i 2019.

Tilskot til dyrlegane vert oppretthalde kr 300 000 årleg i perioden 2019 – 2022.

Tiltak 66055 Bygdebok: Formannskapet gir bygdebok komiteen eit rentefritt lån på 2 500 000. Saman med låneavtalen skal det også lagast avtale om tilbakebetaling av lånet.

Tiltak 22105 Gymsalen på Olden skule.

Investering: 500 000 i 2019 , kr 1 000 000 i 2020

Formannskapet ber om sak til kommunestyremøtet 18/12-18 ein treng ein betre oversikt over dette tiltaket. I saka vil ein har oversikt over kva som er nødvendig å gjennomføre, kostnad for tiltaka og ein tidsplan med rekkefølge for når dei ulike delane i prosjektet skal utførast for å få ei god og praktisk gjennomføring.

Innsparing

2019-2022 reasfaltering (tilltaka 46182, 46187, 46204, 46213) og årleg utbetring av grusvegar (tiltaka 46206, 46207, 46208, og 46214) kr -4 000 000

Tiltak 48025 Ny brannstasjon i sentrum – kr 6 000 000 (1 000 000 i 2019 og 5 000 000 i 2020)

Tiltak 48018 Bil til branninspektør – kr 600 000 i 2019

Tiltak 43035 Innløysing av Tonningskamben teke ut i 2019 kr 9 000 000. Innløysing av

Tonningskamben skjer når reguleringsplanen er vedteken.

Rådmannen får i oppdrag å korrigere budsjett/økonomiplan i tråd med konsekvensane av vedtaket før endeleg handsaming av saka i kommunestyret 18.12

Tiltak 51849 Om naudsynt bruke disposisjonsfond for å balansere budsjett/økonomiplan.

Singerheimen er eit viktig kulturminne. Dette bør kome til uttrykk gjennom vidare engasjement og økonomisk støtte frå Stryn kommune.

Kommunestyret 18.12.2018:

Handsaming:

Tilskot til drift av løyper og idrettsanlegg.

Det vart drøfta løysingar for å få til ein felles søknadsrunde for alle lag og organisasjonar på midlane som er løyvde til drift av løyper og idrettsanlegg. Framlegg frå Torstein Tvinnereim (V).

Søknadsfrist for tildeling av midlar til løyper og idrettsanlegg vert sett til 12.januar 2019. Saka skal handsamast i kommunestyret sitt møte 22.januar 2019.

Det vart røysta over framlegget. Samrøystes vedteke.

82007 Sysselsettingsprosjektet.

Prosjektet har vore eit samarbeid mellom Stryn kommune og NAV og vart i perioden 2016 - 2018.

Framlgg frå Silje Skarstein (Sp)

Sysselsettingsprosjektet vert vidareført i 2019. Det vert løyvt 240.000 kr til vidareføring av prosjektet i 2019. Det vert utført vurderingar ila våren 2019 om Stryn kommune kan opprette ei stilling for å få dette tiltaket vidareført på ein måte som medfører meir kontinuitet.

Finansiering - bruk av disposisjonsfond.

Det vart røysta over framlegget. Samrøystes vedteke.

Frivillegsentralen.

I budsjettet for 2019 er det løyvd kr 578.000.

Felles framlegg frå alle parti. Legge inn avvik på 27.000. Finansiering - bruk av disposisjonsfond.

Det vart røysta over framlegget. Samrøystes vedteke.

48018 Bil til branninspektør

Framlegg frå Jan Træen

Endringsframlegg frå Stryn Ap

Tiltak 48018 Bil til brannvesenet kr 600.000 vert teke inn i 2019. Finansiering tiltak 51849 bruk av disposisjonsfond

Det vart halde gruppemøte. Etter møtet trekte Stryn Ap sitt framlegg.

Nytt framlegg frå Stryn Ap

Kommunestyret bed rådmannen om å legge fram sak om finansiering av ny vaktbil til brannvesenet til neste kommunestyremøte den 22.01.2019.

Det vart røysta over framlegget. Samrøystes vedteke.

46206 Grusvegar årleg utbetring og 46182 reasfaltering

Framlegg frå Pål Vonheim, Ap

Forslag om følgende endring i teknisk sektor budsjett 2019. Tiltaks nr 46182 Reasfaltering takast inn kr 500 000,- Totalt kr kr 1 mill. Tiltaks nr 46206 Grusvegar årilg utbedring inn med kr 500 000 total 1 mill. Innrekning fløtte tiltaks nr 46198 parkering Petterneset til 2020. innsparing på budsjettet 1 mill i 2019.

Det vart røysta over framlegget. Samrøystes vedteke.

55020 Gode vegar

Framlegg frå Sp og Ap

Tiltak 55020 Gode Vegar AS. Stryn kommune løyver kr 200.000 i 2019, kr 150.000 i 2020 og kr 150.000 i 2021. 150.000 i 2022. Finansiering: Tiltak 51849 Bruk av disposisjonsfond.

Det vart røysta over framlegget. Samrøystes vedteke.

46010 Forskottering av gang og sykkelveg Loen - Solvik.

Fellesframlegg alle parti

Tiltak 46210 Forskottering av gangveg Loen - Solvik, Investering kr 25.575.000 skal innarbeidast i budsjett 2019. Finansiering: Tiltak 51849 Bruk av disposisjonsfond

Samrøystes framlegg til tekstleg del

Tiltaket vert flytta til 2019. Søknad skal sendast til handsaming i Fylkestinget i april 2019. Gang og sykkelveg Loen - Solvik, veg til Leite og opparbeiding av bustadfelt må sjåast samla for å sikre rasjonell gjennomføring. Om manglande kapasitet gjer det naudsynt , må ein vente med andre tiltak.

Det vart røysta over framlegget. Samrøystes vedteke.

Tiltak 46209 Bygging av veg med fortau Solvik - Leite.

Tiltak 46209 Byggng av veg med fortau Solvik - Leite, investering kr 30.690.000 skal innarbeidast i budsjett for 2020. Finansiering: Tiltak 51849: Bruk av disposisjonsfond. Forhandlingar om grunnkjøp skal starte i 2019.

Oppvekstsenter Vikane. Framlegg frå V og Ap

- 1. Barnehage for Vikane vert flytta til Innvik frå start barnehageåret 2019*
- 2. Tiltaket vert finansiert med innsparte midlar frå drifta av Utvik barnehage*
- 3. Tiltak «Oppvekstsenter Vikane». Frå Utvik barnehage til Vikane skule, NOK 1,0 mill vert flytta frå 2020 til 2019.*
- 4. Ein må sjå skulebygg og barnehagebygg i Innvik i ein samanheng. Dette for å skape eit framtidsretta barnehagetilbod i Vikane.*

Det vart røysta over framlegget. 5 røysta for. 19 røysta mot. Framlegget fall.

Biogass Innvik AS.

Felles framlegg frå alle parti.

Stryn kommune avklarar med Innvik Næringspark AS om eventuelt salg av aksjer til Innvik Holding AS. Sentralt i dette arbeidet er å realisere en satsing på Biogassanlegg. Med kommunen som deltaker i prosjektet knyttet til kommunale bygg i Innvik. Administrasjonen får i oppdrag å legge saken fram for politisk behandling innen 1.april 2019

Det vart røysta over framlegget. Samrøystes vedteke.

KS- 137/18 Vedtak:

Tilskot til drift av løyper og idrettsanlegg. Søknadsfrist for tildeling av midlar til løyper og idrettsanlegg vert sett til 12.januar 2019. Saka skal handsamast i kommunestyret sitt møte 22.januar 2019.

Syssettingsprosjektet vert vidareført i 2019. Det vert løyvt 240.000 kr til vidareføring av prosjektet i 2019. Det vert utført vurderingar ila våren 2019 som Stryn kommune kan opprette ei stilling for å få dette tiltaket vidareført på ein måte som medfører meir kontinuitet. Finansiering - bruk av disposisjonsfond.

Frivillegsentralen. Legge inn avvik på 27.000. Finansiering - bruk av disposisjonsfond.

48018 Bil til branninspektør. Kommunestyret bed rådmannen om å legge fram sak om finansiering av ny vaktbil til brannvesenet til neste kommunestyremøte den 22.01.2019.

46206 Grusvegar årleg utbetring og 46182 reasfaltering. Forslag om følgende endring i teknisk sektor budsjett 2019. Tiltak nr 46182 Reasfaltering takast inn kr 500 000,- Totalt kr 1 mill. Tiltak nr 46206 Grusvegar årleg utbedring inn med kr 500 000 , total 1 mill. Inndekning, flytte tiltak nr 46198 parkering Petterneset til 2020. innsparing på budsjettet 1 mill i 2019.

Tiltak 55020 Gode Vegar AS. Stryn kommune løyver kr 200.000 i 2019, kr 150.000 i 2020, kr 150.000 i 2021 kr 150.000 i 2022.
Finansiering: bruk av disposisjonsfond.

46010 Forskottering av gang og sykkelveg Loen - Solvik.

Tiltak 46210 Forskottering av gang og sykkelveg Loen - Solvik. Investering kr 25.575.000 skal innarbeidast i budsjett 2019. Finansiering: bruk av disposisjonsfond.

Tiltaket vert flytta til 2019. Søknad skal sendast til handsaming i Fylkestinget i april 2019. Gang og sykkelveg Loen - Solvik, veg til Leite og opparbeidning av bustadfelt må sjåast samla for å sikre rasjonell gjennomføring. Om manglande kapasitet gjer det naudsynt , må ein vente med andre tiltak.

Tiltak 46206 Bygging av veg med fortau Solvik - Leite, investering kr 30.690.000 skal innarbeidast i budsjett for 2020. Finansiering: bruk av disposisjonsfond. Forhandlingar om grunnkjøp skal starte i 2019.

Biogass Innvik AS. Stryn kommune avklarar med Innvik Næringspark AS om eventuelt salg av aksjer til Innvik Holding AS. Sentralt i dette arbeidet er å realisere en satsing på Biogassanlegg. Med kommunen som deltaker i prosjektet knyttet til kommunale bygg i Innvik. Administrasjonen

får i oppdrag å legge saken fram for politisk behandling innen 1.april 2019

1. Framlegget til budsjett/økonomiplan med vedlagte tiltak for perioden 2019-2022 blir godkjent
2. Høgste tillatne skatteøre for inntekt og formue skal leggest til grunn.
3. Margin for skatt for inntektsåret 2019 og framover skal vere 11,55%
4. Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån og godkjenne lånevilkår for 2019 i samsvar med vedlagde finansieringsoversikt til følgjande formål:
Lån til egne formål kr. 54.130.300
Lån til forretningsformål kr. 7.550.000
Lån til formidlingsformål kr. 4.000.000